

Fra: Lars Mjøs (lars@mjos.no)

Sendt: 24.04.2014 08:40:44

Til: Hans Inge Gloppen; kari.aakre@osteroy.kommune.no; eirik.haga@vaksdal.kommune.no; knut.moe@modalen.kommune.no; vns@vaksdalnet.no; stian@daletrafikksenter.no; inge.kaarevik@modalen.kommune.no; jarle@skeidsvoll.no; sigmund@simmenes.no; kristin.namdal@meland.kommune.no

Kopi: Tom Skauge; Rune Njøs; Inger Beate Pettersen

Emne: Re: Regionalt Næringsfond - innspel til bruk av skjønsmidlane. Hastesak.

Vedlegg:

Osterfjord_skjønsmiddelinnspel_240414.PDF;Osterfjord_skjønsmiddelinnspel_240414.docx

Til styret for Regionalt næringsfond for Osterfjord

Til Hans Inge Gloppen i Hordaland fylkeskommune

Sjå eposten under med oppmoding om snarleg tilbakemelding med innspel til tildeling av skjønsmidlar.

Med bakgrunn i diskusjon og prioriteringar i næringsfondsstyret har eg laga vedlagde oppsett med innspel til tildeling av skjønsmidlar til Osterfjord.

Dersom nokon i styret har innvendingar eller andre framlegg, må eg ha desse innan i morgon fredag 25.4.2014 kl 11.00.

Om ikkje, er vedlagde dokument etter kl 12.00 fredag 25.4.2014 Osterfjordregionen sitt innspel.

--

Venleg helsing

Lars Mjøs

Osterfjord Næringsssamarbeid

v/Industrikonsulenten på Osterøy

5282 Lonevåg

+47 56 19 22 70

Mobil +47 416 28 531

Den 23.04.2014 13:41, skrev Hans Inge Gloppen:

Hei

Eg held på å skriva sak til fylkesutvalet om fordeling av regionale næringsfond 2014.

Tidlegare har eg varsla at det kom til å bli endra fordelingsnøkkel, men no ser det ut for at me går for same malen som før. Bakgrunnen for dette er at det gjeldande distriktpolitiske virkeområdet er godkjent av EFTAs overvakingsorgan, ESA, fram til 30. juni 2014. Eventuelle endringar vil først skje etter den tid.

Regionråda kan, som kjent, koma med innspel på bruk av skjønsmidlane. Med ei total løyving på 4 000 000 kroner til regionale næringsfond i 2014, skal 20 % – det vil seie 800 000 kroner – brukast som skjønsmidlar. For inneverande år er det så langt berre eitt av regionråda som har kome med innspel. Klarer de andre å koma med innspel, på

e-post, innan fredag 25/4?

Med venleg helsing

Hans Inge Gloppen

Spesialrådgjevar

Hordaland fylkeskommune

Tlf. 55 23 92 88